

Kommunal- og regionaldepartementet

Pb 8112 Dep

0032 OSLO

KOMM. OG REG. DEP	
28 NOV 2005	
05/1594-110	
Ark	650.0
Avd.	KO / KJ / IV

Vår ref.
05/883-5/N-006/TUBO

Dykkar ref.

Dato:
24.11.2005

**Melding om vedtak i Kvam heradsstyre 15.11.05 Sak 93/05 NOU 2005:6
Samspel og tillit - om staten og lokaldemokratiet. Uttale frå Kvam herad**

**Sak 093/05 NOU 2005: 6 Samspel og tillit – om staten og lokaldemokratiet. Uttale frå
Kvam herad** vart handsama i Kvam heradsstyre den 15.11.05, og det er gjort følgjande
vedtak i saka:

HST-093/05 Vedtak:

Kvam herad støttar fleirtalstilrådinga i innstillinga frå lokaldemokratikommisjonen (NOU 2005: 6-
Samspel og tillit - Om staten og lokaldemokratiet).

Med helsing



Turid Børve
Politisk sekretær

Vedlegg: Kopi av sakspapira.

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kvam formannskap	01.11.2005	180/05	SILA
Kvam heradsstyre	15.11.2005	093/05	SILA

Avgjerd av: Saksh.: Sigrid Laupsa	Arkiv: N-006 Objekt:	Arkivsaknr 05/883
--------------------------------------	-------------------------	----------------------

NOU 2005:6 - Samspel og tillit - Om staten og lokaldemokratiet - Uttale

Samandrag:

Lokaldemokratikommisjonen var oppnemnt og gitt mandat ved K. resolusjon av 12. mars 2004. Kommisjonen avleverte si første delutgreiing NOU 2005:6 Samspill og tillit - Om staten og lokaldemokratiet 18. april 2005. Høringsfrist er sett til 1. november 2005

Hovudtema i innstillinga er forholdet mellom staten og kommunesektoren (og fylkeskommunene). Viktige omgrep både i mandatet og i innstillinga er handlingsrom, tillit og samspel.

Kommisjonen har ein representant frå kvart av dei politiske partia på Stortinget, fire representantar frå kommunesektoren og to uavhengige representantar.

Utgreiinga omhandlar forholdet mellom stat og kommune (den statlege styringa si tyding g for lokaldemokratiet.)

Sentrale tema i utgreiinga er:

- Verdier knytte til det kommunale sjølvstyret
- Kommunane sitt handlingsrom og kva statlege rammevilkår tyder for lokaldemokratiet
- Statleg styring og bruk av verkemiddel overfor kommunane og fylkeskommunane
- Dialogen mellom staten og kommunene, deriblant spørsmål om
 - utvikling av konsultasjonsordninga eller utforming av en avtaleordning mellom staten og kommunene
 - rolla til fylkesmannen i forholdet mellom staten og kommunane
- Effekter av samordningsformer i staten når det gjelder statens forhold til kommunane
- Grunnlovsfesting av det kommunale sjølvstyret
- Spørsmålet om friare kommunal rett til skattlegging t
- Internasjonale avtalar sin verknad på lokaldemokratiet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam herad støttar fleirtalstilrådinga i innstillinga frå lokaldemokratikommisjonen (NOU 2005: 6- Samspel og tillit - Om staten og lokaldemokratiet).



1.11.2005 Kvam formannskap

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 9 røyster og vart samrøystes tilrådd.

FSK-180/05 Tilråding:

Kvam herad støttar fleirtalstilrådinga i innstillinga frå lokaldemokratikommisjonen (NOU 2005: 6-Samspel og tillit - Om staten og lokaldemokratiet).

15.11.2005 Kvam heradsstyre

Røysting:

Tilrådinga frå Kvam formannskap fekk 26 røyster og vart samrøystes vedteke.

HST-093/05 Vedtak:

Kvam herad støttar fleirtalstilrådinga i innstillinga frå lokaldemokratikommisjonen (NOU 2005: 6-Samspel og tillit - Om staten og lokaldemokratiet).

Lista inneheld sentrale dokument som det er referert til eller sitert frå i saksframstillinga:

JournalID	Journaldato	Tittel	Avsendar
		NOU: 2006 :5 – Samspill og tillit	
		http://odin.dep.no/krd/norsk/dok/andre_dok/nou/016001-020020/dok-bn.html	Kommunal og regional dep
05/17361	18.10.2005	Kapittel 1 – samandrag - Notat	

Saksopplysningar:

Mandatet til utvalet:

Kommisjonen sitt oppdrag har vore å analysere og vurdere lokaldemokratiet sine vilkår og utforming. Mandatet er todelt og arbeidet vert presentert i form av to offentlege utgreiingar

Den første delen av mandatet er å gjera greie for og drøfta kva konsekvensar utviklinga av forholdet mellom staten og kommunane har for eit levende lokaldemokrati. Ei underliggjande problemstilling er kva innverknad dette forholdet har på lokalpolitisk deltaking og engasjement.

Den andre delen av mandatet er å drøfta korleis lokaldemokratiet kjem til uttrykk i det enkelte lokalsamfunn. Resultatet av arbeidet med denne delen av mandatet vert lagt fram våren 2006.

Kommisjonen sine forslag og tilrådingar er i hovudsak relatert til følgjande kapittel i utgreiinga::

1. Kap. 6: Samspill for tillit. Her tilrår kommisjonen ei rekke tiltak for å styrkja samspelet mellom kommunesektoren og staten.
2. Kap. 7: Det kommunale sjølvstyret sin juridiske status. Her foreslår kommisjonen at det kommunale sjølvstyret skal grunnlovfestast.
3. Kap. 8: Friare lokal rett til skattlegging. Her foreslår kommisjonen at kommunene får større fridom i skattepolitikken ved at maksimalregulering for kommunal inntektsskatt fjernes.

Vurderingar og tilrådingar frå utvalet

Å auka deltaking og engasjementet i lokalpolitikken er eit overordna omsyn som kommisjonen har lagt til grunn for sitt arbeid. Føresetnaden for å få dette til er at samspelet mellom nivå er godt og at det lokale spelerommet vert utvida og gjort tydelegare. .

Eit sentralt utgangspunkt for mange av kommisjonen sine forslag er at staten i stor grad opptrer fragmentert. Dette er eit trekk ved staten som er vorte forsterka dei siste åra. Kommisjonen argumenterer for at denne utviklinga bør balanserast med utvikling av mekanismar for samordning i statsforvaltninga

Kommisjonen tilrår ei rekkje tiltak for å styrkja samspelet mellom kommunesektoren og staten. Det vert lagt til grunn at ein bør byggeja vidare på ein tett og likeverdig integrasjon mellom kommunane og staten. "Integrasjonsmodellen" forutset ein fornuftig balanse mellom lokalt sjølvstyre og statleg styring. Kommisjonen hevdar at *partnerskapsperspektivet og likeverdet* må utviklast vidare og verta retningsgjevande for forholdet mellom staten og kommunane.

Bodskapet til Kommisjonen er at dei ulike forvaltningsnivåa har eit felles ansvar i å arbeida for auka deltaking , gjera ansvarsforholda tydelegare og å utvikla eit godt samspel.

Tiltaka som vert fremja i utgreiinga til kommisjonen igjenspeglar denne ambisjonen, og har som mål å bidra til å betra føresetnadene for deltaking og engasjement i lokalpolitikken.

Oppsummering av kommisjonen sine viktigaste tilrådingar:

Kommunane sitt handlingsrom:

- Kommisjonen peikar på at det kan være grunnlag for å hevde at kommunane har fått eti avgrensa handlingsrom gjennom sterkare regelstyring. Kommisjonen meiner alle norske kommunar framleis bør vera generalistkommunar i demokratisk forstand. Som demokratiske organ bør kommunane behalda sitt breie ansvarsområde og størst mogeleg fridom til å prioritera mellom sektorar.
- Kommisjonen meiner at det innan velferdsoppgåver der både stat og kommune har sterke interesser bør verta nærare avklara kva som er kommunen sine oppgåver og ansvar og kva som ligg til staten. Ei slik vurdering vil hjelpa til at veljarane ser kva nivå som er ansvarleg for kva.

- Økonomisk spillerom er ein del av det kommunale sjølvstyre. Kommisjonen ber om at det vert utvikla eit system som sikrar at nye statleg initierte reformer, som skal setjast i verk av kommunane er tilfredsstillande finansiert.

Statleg styring:

- Kommisjonen legg vekt på eit betra tillitsforhold mellom staten og kommunane. Dette kan best utviklast ved å redusera den statlege styringa og utvikla dialog og partnerskapet mellom nivåa.
- Forenkling av statleg regelverk overfor kommunene, fullfinansiering av lovpålagde oppgåver og effektiv innhenting av informasjon frå kommunane til staten er tiltak kommisjonen peiker på for å hjelpa til at den statlege styringa større grad skal bera preg av dialog og partnerskap.

Samspel for tillit:

- Utgreinga påpeikar behovet for betre samordning i den sentrale forvaltninga (i tyding av tydelegare og meir einsarta styring) for å sikre et godt samspel mellom forvaltningsnivå.
- Statleg styring bør legges om frå dagens fokus på hierarkisk styring til økt dialog mellom forvaltningsnivåa. Retningslinjer for kommuneretta styring må følgjast i alle departement.
- Kommisjonen fremjar forslag til avgrensing av fylkesmannen sine oppgåver, mellom anna korleis rådgjevar- og dialogfunksjonen skal utviklast og skiljast frå kontrollfunksjonen på ein god måte. Oppgåvene bør omfatta tilsyn, klage, legalitetskontroll og nødvendig dialog for å sikra at kommunane gjennomfører dei store velferdsoppgåvene slik Stortinget har bestemt.
- Det er behov for meir kunnskap om sentralforvaltninga si samordning overfor kommunesektoren. Det blir tilrådd å setja i gang eit evaluerings- og utgreiingsprosjekt som gjer greie for statleg samordning og som evaluerer verknadene av samordninga overfor kommunesektoren.
- Dagens ordning med konsultasjon representerer ein formalisert arena for open dialog mellom stat og kommune. Konsultasjonsordninga må utviklast vidare i retning av en meir forpliktande ordning med auka fokus på informasjon og læring mellom forvaltningsnivåa.
- Instruks for utgreiingar bør endrast slik at det blir fastslått at kommunane skal være med i konsekvensutgreiingar som har vesentlege økonomiske, politiske eller administrative konsekvenser for kommunene.

Prinsippet om kommunalt sjølvstyr:

- Kommisjonen meiner at det er et minstekrav at prinsippet om kommunalt sjølvstyre vert grunnlovfesta. Dette vil understreka likeverdet mellom stat og kommune og klargjera at det kommunale sjølvstyret høyrer til verdigrunnlaget for det norske styringssystem.

Kommunal rett til skattlegging :

- *Ein samla kommisjon* foreslår å auka handlingsrommet til kommunane slik at dei lettare kan skaffa seg eigne inntekter. Friare rett til skattlegging vil tilføra lokalpolitikken ein dimensjon som kan medføra auka deltaking og engasjement. Kommisjonen har delt syn på enkelte forhold knytt til kommunal rett til skattlegging. Dissensen går på om fordelingspolitiske omsyn tilseier at større lokal fridom bør kombinast med ein sterk skatteutjamning kommunene imellom. Forslag frå enkeltmedlem i kommisjonen går på å klargjera/utgreia dei fordelingspolitiske føresetnadene for, og konsekvensane av ein reform om friare rett til skattlegging. Fem av medlemmene i kommisjonen støtter dette forslaget

- Alle kommisjonsmedlemmer, med eitt unntak, meiner at en friare kommunal rett til skattlegging ikkje må påverka eller endra balansen i dagens inntektssystem. Vel ein kommune å auka det kommunale skatteøre, skal dei auka inntektene tilfalla kommunen.
- *Fleirtalet i kommisjonen* går inn for at kommunene får større fridom ved eit reformert og utvida system for eigedomsskatt, som må utformast med en sosial profil. Ein utvida eigedomsskatt bør framleis vera frivillig og eksklusiv lokal skatt som ikkje skal delast med staten.
- Kommisjonen er delt i spørsmålet om obligatorisk folkerøysting ved endring av kommunalt skattenivå. *Fleirtalet* meiner at det framleis skal vera opp til kommunane sjølv å bestemma om eit forslag skal legges ut til rådgjevande folkerøysting eller ikkje. Mindretalet i kommisjonen meiner ei ordning med obligatorisk folkerøysting kan vera med å styrkja veljarkontrollen og auka det politiske engasjementet.

Internasjonale avtalar og lokaldemokrati:

- Internasjonale avtalar har indirekte og direkte konsekvenser for kommunane. Kommisjonen meiner at lokaldemokratiske omsyn tilseier at Noreg ikkje bør leggja seg på ein strengare konkurransepolitikk enn det EU-landa sjølv gjer.
- Kommunane og fylkeskommunane må sikrast deltaking i relevante arbeids- og ekspertgrupper under EU-kommisjonen.

Vurdering:

Tiltaka i utgreiinga kan gje eit grunnlag for å oppnå auka deltaking og engasjement i lokalpolitikken, men det er flikking på eit system som kanskje er modent for større endringar.

Kommisjonen står samla står bak forslaga i utgreiinga med unntak av enkelte forhold knytt til kommunane sin rett til skattlegging.

Administrasjonen er samd med kommisjonen når det gjeld behovet for betre samspel mellom stat og kommune. Verkemidlar og økonomiske rammevilkår er ein grunnleggjande føresetnad for sjølvstende og høve til å velja løysingar ut frå lokale behov.

Skal kommunen innfri løfte på eit område uten at det går utover andre viktige formål, er det nødvendig å ha handlingsrom til fornuftige og heilskaplege prioriteringar. Kommunesektoren og staten må verta flinkare til å samarbeida slik at spenningsforholdet mellom det lokale og sentrale vert meir balansert.

Utgreiinga peikar på at det er i det *lokalpolitiske handlingsrommet* at lokaldemokratiet vert utspela. Dette handlingsrommet er i praksis blitt mindre, både økonomistyring og styring av innhaldet er vorte sterkare. Når det gjeld barnehageutbygging, eldresatsinga og psykiatri har ein sett at lokale vurderingar vert sett til side framfor nasjonale vedtak om omfang, priser og standardar.

Dersom kommunene hadde fått dei statlege midlane uten bindingar, kunne resultatet vorte løysingar meir i tråd med den einskilde kommune sine behov og mål.

Administrasjonen er positiv til forslaga om å auka kommunane sitt handlingsrom, som omfattar fullfinansiering av statlege reformer og tydelegare fordeling av oppgåver og ansvar mellom forvaltningsnivåa.

Forslag til tiltak for å styrkja samspelet mellom kommunesektoren og staten, er grunngjeve med behov for ein annan type styring frå statens si side.

Forenkling av statleg regelverk overfor kommunane, fullfinansiering av lovpålagde oppgåver, betre samordning i den sentrale forvaltninga, betre retningslinjer for statleg oppfølging av vedtak med som har konsekvens for kommunane, og kommunal deltaking i konsekvensutgreingar (med økonomiske, politiske eller administrative konsekvenser for sektoren), er tiltak som vert fremja i utgreiinga. Administrasjonen støttar kommisjonen i dette.

Kommisjonen tilrår auka fokus på rolla til fylkesmannen, både som styrings-, samordnings- og dialogorgan. Vi ser behov for at funksjonen som organ for rådgjeving og dialog kan verta tydelegare, det kan sikra større heilskapstenking og betre samspel og tillit mellom forvaltningsnivåa.

Det er eit mål å finna eit system der kommunene i størst mogeleg grad er "sjølvkontrollerande", og har eit samla ansvar for si verksemd/drift. Administrasjonen vurderer dette som mindre detaljstyring og auka lokal handlefridom .

Administrasjonen støttar kommisjonen sine vurderingar om at auka dialog mellom nivå kan føra til redusere behovet for statleg tilsyn. Dette krev avklaring og avgrensing av fylkesmannen si rolle i dialogen mellom staten og kommunene.

Effektiv innhenting av informasjon frå kommune til stat vert lagt vekt på i utreiinga. Effektiv rapportering må ha fokus på omfang og formål, i tillegg må målet vera å unngå dobbelrapportering.

Rådmannen tilrår at Kvam herad sluttar seg til kommisjonen si fleirtalstilråding.